

April 2021



VAR

Treng du nye bioposar eller plastretursekkar?

ØyVAR har ruller med posar og sekkar på renovasjonsbilane. Treng du ny rull med bioposar – knyt ein pose på matspannet. Treng du ny rull med plastretursekkar – knyt ein vanleg plastpose på papirspannet. Du får òg nye rullar på gjenbruksstasjonane eller i utvalde butikkar.



Heime-
kompostering
gjer reduksjon i
renovasjons-
gebyret

RENOVASJON

Legg returplastsekken innunder lokket på papirspannet

Returplastsekken er ofte knytt godt i papirspannet. Hugs at renovatørene våre skal få opp knuten utan kniv eller saks. Vi ønskjer at du i staden knyt ein knute på plastsekken og legg den innunder lokket på papirspannet. Dette er enkelt for renovatørene – og for deg.



Bruk gjennomsiktige sekkar på gjenbruksstasjonane

Halvfulle malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer – dette er berre nokre døme på produkt som inneheld miljøgifter og skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall, men som likevel vert putta i svarte bossekkar og kasta i rest-konteinarane for brennbart avfall på ØyVAR sine stasjonar.

All erfaring synar at terskelen for å kasta slikt avfall saman med restavfall er lågare dersom sekken er gjennomsiktig. For at vi skal sikre best mogleg kvalitet på avfallet vårt, skal det nyttast gjennomsiktige sekkar til restavfallet. **Ikkje bruk returplastsekken, den er kun ment til hushaldsplast!**

Sortering av papir

I papirspannet skal det berre kastes papir, papp og drikkekartong. **Drikkekartongar skal ikkje i eigen plastpose.** Alt blir sortert automatisk på sorteringsanlegget.



Kontakt oss om bosset ikkje er tømt

Du må varsle dagen etter tømning, og kan sende melding via ØyVAR-appen eller via e-post.

Treng du nytt spann?

Kontakt oss via ØyVAR-appen, via heimesida vår oyvar.no, eller send oss ein e-post.

Sortering av matavfall

Her i Øygarden må du sortere ut matavfallet, enten du leverer avfallet i eit matavfallsspann eller komposterer det sjølv.

For ØyVAR er det viktig at ressursane i mellom anna matavfallet vert teke vare på. Matavfallet som blir henta inn frå hushalda vert omdanna til biogass og gjødsel.

Matavfallet blir i dag frakta ut av regionen fordi vi ikkje har biogassanlegg i nærområdet vårt. ØyVAR er derfor svært oppteken av at flest mogleg som har høve til å kompostera matavfallet sitt heime, framleis gjer det. Kompostjord er ein ressurs å nytta i eigen hage, plantekassar eller grønsakhage.

Abonnentar som teiknar avtale om heimekompostering får, i tillegg til eit lågare renovasjonsgebyr, subsidiert delar av utstyret som trengst. Komposteringa må skje i ein behaldar som er godkjent av ØyVAR.

Dersom du ønskjer å heimekompostere, kan du ta kontakt med oss. Vi sel godkjende kompostbingar.



VATN OG AVLØP

Abonnementstyper og gebyr

Du kan velje mellom tre abonnementsstypar: **Småhushald, Hushald** eller **Storhushald**. I tillegg må du velje om du vil heimekompostere eller nytte behaldaren for matavfall for sentralbehandling.

RENO-SMÅHUSHALD

3x140 liter spann.

Henting av restavfall kvar 4. veke, papir/plast kvar 4. veke, matavfall kvar 2. veke

RENO-HUSHALD

3x140 liter spann.

Vanleg tømmeffrekvens; restavfall kvar 2. veke, papir/plast kvar 4. veke, matavfall kvar 2. veke

RENO-STORHUSHALD

240 liter spann restavfall + 2x140 liter spann.

Vanleg tømmeffrekvens; restavfall kvar 2. veke, papir/plast kvar 4. veke, matavfall kvar 2. veke

Val av spannstørrelse avheng av kor mykje avfall husstanden har og kan variere med kor mange som bur husstanden. Om husstanden har mykje papp/papir kan ein velje eit 240 liters spann for papir, utan ekstra kostnad. Det er også fullt lovleg å sette fram meir enn ein sekk med returplast ved tømming. Det er ingen ekstra kostnad ved dette, men hugs at returplast er emballasjeplast og ikkje ulike typar av hardplast eller isopor.

REDUSERT GEBYR VED HEIMEKOMPOSTERING

Godkjent kompostbinge og avtale med ØyVAR, gjer reduksjon i renovasjonsgebyret.

Septiktømming

Alle hushald/fritidsbustader med private avløpsanlegg i Øygarden kommune skal vere med i den kommunale tømmeordninga av sanitært avløpsvatn.

ORDINÆR TØMMING

- **For eigedommar med fast busetnad skal avløpsanlegg tømmast kvart 2. år.**
- **For eigedommar med fritidsbustader skal avløpsanlegg tømmast kvart 4. år.**
- **Tette oppsamlingstankar skal tømmast kvart 2. år.**

EKSTRA TØMMING

Dersom det blir behov for ekstra tømning ut over dei ordinære tømmeffrekvensane, kan ØyVAR kontakte operatør som sørgjer for tømning på kort varsel. Abonnten må sjølv dekkje kostnadene med slik ekstra-tømning, som vil bli fakturert direkte frå operatør til abonnent.



Sjekk vassmålaren din

Det er viktig for alle å unngå kranar som dryp, rennande toalett eller lekkasjar i huset. Når ein har vassmålar er det særleg viktig å passe på – hugs at alt vatn som går gjennom målarer din må betalast for, og små lekkasjar kan bli betydelege summar i løpet av eit år.

Vakttelefon 917 29 717

Kontakt oss om du har meldingar om feil og manglar i vassforsyning eller i avløpssystemet. **Vakttelefonen gjeld berre for vatn og avløp.**

FAKTURA FRÅ ØYVAR

Gebyra for vatn, avløp, slam og renovasjon blir vedtekne kvart år av kommunestyret.

GJELDANDE TERMINAR FRÅ 2021

1. termin: 1. januar–28. februar

Utsendt i midten av januar
Forfall 31. januar

2. termin: 1. mars–30. april

Utsendt i midten av mars
Forfall 31. mars

3. termin: 1. mai–30. juni

Utsendt ut i midten av mai
Forfall 31. mai

4. termin: 1. juli–31. august

Utsendt i midten av juli
Forfall 31. juli

5. termin: 1. september–31. oktober

Utsendt i midten av september
Forfall 30. september

6. termin: 1. november–31. desember


Utsendt i midten av november
Forfall 30. november

ØyVAR vil i samarbeid med Visma begynne å sende inkassobrev på eFaktura frå midten av april. Det inneber at alle innbyggjarar som under eFaktura-innstillingar i nettbanken sin har valt «Ja takk til alle», framover vil motta inkassobrev frå ØyVAR direkte i nettbanken.

For deg som innbyggjar inneber dette ein tryggare, enklare og raskare måte å motta og betale inkassokrav. Dei som ikkje har valt «Ja takk til alle» i nettbanken sin, vil få kravet distribuert på vanleg måte, enten via Digipost eller per vanleg post.

Bruk ØyVAR-appen!

Vi anbefaler at du lastar ned ØyVAR-appen. I den finn du informasjon om tømning og stadar der du kan kaste avfallet. Mange bruker òg funksjonen for å varsle om fulle hyttecontainerar, misbruk eller anna. Dette er verdifull informasjon for oss.



GOOGLE PLAY



APP STORE

Rydd ei strand i ditt nærrområde!



Vi vil ha reine strender, rein kyst, reint hav og ein havbotn utan skrot og boss! Ver med oss å rydde strender, og du bidreg òg til å løyse eit globalt miljøproblem. Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt.

Marint avfall er såkalla herrelaust avfall, og ØyVAR mottok midlar frå Miljødirektoratet for å dekke utgiftene i samband med ryddeaksjonane rundt i regionen vår. Vidare samarbeider ØyVAR med Bergen og Omland Friluftsråd kring organisering og handsaming av ryddeaksjonane.

Vil du rydda ei strand?

1. Registrer aksjonen din på www.ryddenorge.no. Her kan ein sjå kvar det er rydda og gjera ein innsats andre stader det trengs.
2. Sekkar og hanskar kan hentast på gjenvinningsstasjonane våre.
3. Ta kontakt med ØyVAR på postboks@oyvar.no for å avtala henting av avfallet.

Ver aktsam!

Ver klar over ferdselsforbodet der fuglane hekker i perioden 15. april–15. juli.



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon 



oyvar.no

Tlf: 56 31 59 30 - E-post: postboks@oyvar.no

OPNINGSTIDER PÅ GJENBRUKSSTASJONANE

Lonavegen 20, Straume

Måndag, torsdag: 10-19
Tysdag, onsdag, fredag: 10-15
Laurdag: 10-16

Midtstegen 50, Skogsvåg

Måndag, onsdag: 10-19
Torsdag: 10-17
Tysdag, fredag: STENGT
Laurdag: 10-16

Miljøpunkt Tjeldstø

Onsdag: 10-18

